
Vår referanse 2020/37535-2
Dato 31.01.2020

Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i
høyere utdanning - Diku

5809 Bergen

Svar til invitasjon om å kommentere Dikus utkast til strategi for 2020-2024

Avdelingane Opplæring og kompetanse og Innovasjon og næringsutvikling i Vestland fylkeskommune svarer med dette på invitasjonen frå 19.12.2019 om å kommentere Dikus utkast til strategi 2020-2024. Vi takkar for høvet til å kommentere strategien.

Vi har følgjande kommentarar når det gjeld spørsmål om innsatsområda og tiltaka er tydelege og relevante; Under nokre av tiltaksområda er det ikkje heilt klart kva målgruppe som blir omhandla, t.d. innsatsområde «Undervisning og undervisningspraksis» og innsatsområde «Livslang læring». Det er her uklårt om innhaldet gjeld berre UH-sektoren eller heile grunnopplæringa.

For innsatsområdet «Endringskompetanse og samfunnsengasjement» vil vi tilrå at samarbeidet med næringslivet blir tydeleggjort. Dette er ein nødvendig føresetnad for å kunne sikre at næringslivet får tilgang til den kompetansen som er påkravd for å få til ei berekraftig utvikling. Forslag til tiltak: Utvikle verkemiddel som stimulerer til samarbeid med næringslivet for å sikre at innhaldet i utdanningane er i samsvar med behov i næringslivet.

For innsatsområdet «Livslang læring» vil vi tilrå at ein også adresserer utfordringar knytt til å *avdekke* kompetansebehova i næringslivet. Vi har spesielt merka oss at små og mellomstore bedrifter har vanskar med å identifisere desse behova. Forslag til tiltak: Utvikle verkemiddel som stimulerer til å avdekke kompetansebehov i arbeidslivet som må fyllast for å at bedriftene skal kunne innovere og vekse.

Vi har følgjande kommentarar/innspel til innsatsområdet «Norsk deltakelse i Erasmus+»; Det er gledeleg at Diku ønskjer å arbeide for at moglegheitene i Erasmus+ skal kunne kombinerast med andre nasjonale ordningar. Fylkeskommunane kan her vere viktige innspelspartnarar for å finne fram til kva ordningar som kan vere relevante på dette området.

Når det gjeld tilrettelegging for deling av resultat, så ønskjer vi at Diku t.d. utviklar strukturar og modellar som vil gjere det enklare for prosjekta å synleggjere og spreie resultat, både nasjonalt og internasjonalt.

Til siste punkt i innsatsområdet Norsk deltakelse i Erasmus+ som omhandlar kunnskapsbaserte innspel til Kunnskapsdepartementet og Europakommisjonen, vil vi understreke viktigheita av at Diku innhentar innspel frå fylkeskommunane. Gjennom regionreforma har fylkeskommunane fått eit forsterka ansvar for samordning av det kompetansepolitiske arbeidet i fylka. Fylkeskommunane kan bidra med kunnskap om behova i arbeidslivet, både i privat og offentleg sektor, partnerskapsarbeid og erfaringar med bruk av Erasmus+. I tillegg meiner vi at innspel frå Diku på dette området bør sendast til andre departement som t.d. Arbeids- og sosialdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Med helsing

Bård Sandal
fylkesdirektør

Kathrin Jakobsen
seksjonssjef

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi:
Kent Rune T. Måren
Birthe A. Haugen